

Norge okkupert

SVEIN BLINDHEIM

NO er basert på ti kilo dokumenter fra Bundesarchiv i Koblenz, og utvalet gir lesaren eit bilde på korleis den tyske trykkingstenesta såg på interne forhold i Norge i okkupasjonsstida, rett nok avgrensa til åra 1942 – kapitulasjonen mai 1945.

«Meldungen aus Norwegen», tittelen på rapportdokumenta NO byggjer på, var hemmelege og mynta på toppleiarar i den tyske sentraladministrasjonen. Joseph Goebbels var blant rapportdresstatane, og 13. september 1943 skriv han: «Frå Norge kjem melding om at sjølv Nasjonal samling (NS) er blitt litt rebelsk. Ministrane i NS gjer ein del motstand, openbert i håp om å skaffe seg allibi. Motstandskamp det og, kanskje fullt på høg med godtfolks motstandskamp – passivitet? Eg berre spør.

1942 mest interessant?

NO inneheld framstilling og vurderingar av NS, av svartebørs, og korrupsjon, av kulturliv, motstandsrorisier, tyskararbeid, o.a. Interessant er det å lese om «herremiddagar» hos Terboven på Skaugum, dit han inviterte leiariar frå næringslivet. Invitasjonane var lekk i Terbovens dobbelspel for å komme på tafelot med nordmenn med makt utanfor NS. Diverre har boka ikkje tatt med vedlegg med namnelister over deltakarar i desse «herremiddagane for gode nordmenn». Terboven var nemleg alt anna enn beugelstra over Quisling og NS. I 1940 freista han å skape legale norske maktorgan som han kunne styre Norge gjennom. Då han lei skipsbrot av di Hitler ville ha Quisling, måtte han ta til takke med NS i september 1940.

NO byrjar altså i 1942. Tore Dyrhaug (TD) meiner at nett det året er det mest interessante. Det er eg ikkje samd i, anten det gjeld tilhøva i det okkuperte Norge, som blir avspjela i NO, eller om det er sjølve krigen i Europa ein har i tankane.

Det einaste eg elles er usamd med TD i, er måten han skriv på om, og jamsteller, krigshandlingane i Nord-Afrika, Italia og Vest-Europa når han samanliknar med krigshandlingane i Sovjetunionen. Krigen utanfor Sovjetunionen var nemleg for blåbær å rekna i samanlikning, berre der blei krigen i Europa avgjort. Å hevde anna er reinspikka pro-vestpropaganda!

Etterkrigsmytane range

For NS var 1942 eit avgjerande år. Berre 1943 kan karakteriserast som eit ventear. 1942 var året då Quisling blei ministerpresident utan å få makt, slik han og NS, hadde håpa, for ikkje å seie, rekna med, NS pukka jamt på kravet sitt om oppretting av norsk sjølvstyre. Tyskarane set NS i

For å finne sanninga om Norge under okkupasjonen – som om felttoget i Norge 1940 – er det naudsynt å grave seg ned under den konvensjonelle historiegeografien omkring perioden, spesielt fordi han går rundt og rundt i ein uendeleg ring etter stort sett dei same premissa: (1) kor elendig det stod til med krigsmakta vår då det uventa åttaket kom; men at vi, trass i det, heldt ut lenger enn sjølvaste Frankrike, og (2) kor framifrå nordmenn var, når du ser bort frå dei fåle NS-folka. **NORGE OKKUPERT (NO)** er eit lite bidrag til eit meir nyansert syn på det siste premisset.

ein farleg situasjon, heiter det, ved at NS ikkje får eitt ord med i laget, slik NS-folk meinte. Quisling hadde fått lovnad på. Men, les vi i NO, folkefleirtalet i Norge ønskjer heller at tyskarane sjølve skal stå for styre og stell enn at Quisling og NS skal slippe til.

Så einige i eitt og alt som et-

tøren i Aftenposten. Wright Flood. Denne mangeårige Aftenposten-medarbeidaren ville ikkje, han gjorde betre nytte for seg i Norges største propagandavis. Det trur eg så gjerne. Minister Skaneke burde også avlyssast ifølgje Quisling, og bli erstatta av anten dr. philos. Almar Næss eller ekspedi-



terkrigsmytane hevdar at nordmenn utanfor NS var, var slett ikkje fleirtalet. Fleire ting i boka syner det klart. Det heiter til dømes om dei mange beidarkrinsar i Trøndelag, motstandarar av NS, var det delte meiningar om lærararrestasjonane. Mange tykte slett, ikkje synd på lærarane som blei arresterte, gjeda seg faktisk over at også dei no måtte erfare korleis det var å arbeide med kroppen. Då jodane blei tatt, var det heller ikkje ein kjefft som protesterte. Tyske filmar kunne glede seg over å være godt besøkt. Osb.

Heldt på Quisling, ikkje tyskarane

Frykten for bolsjevismen auka suksessivt med krigens gang. I 1941 og 1942 gjorde bolsjevikspøket seg lite gjeldande i anti-NS krinsar, og NS såg ikkje med øtte på kommuniststaten enno. Dei var elles dei store verveåra for NS til frivillig innsats mot erkefienden. Folkemajoriteten var meir motstandarar av NS enn av tyskarane. I alt melde 15 000 seg til kampen mot Sovjetunionen, om langt ifrå alle kom til fronten. Stemninga blant returnerte frontkjemparar medverka sterkt til at interessa avtok etter kvart, sjølv om den store utstillinga «Sovjetparadiset» hausten 1943 blei godt besøkt, sjølv om det blei snakka temmeleg opent om tysk-fiendskap i NS no, om at NS heldt på Quisling men ikkje på tyskarane, om at minister Fuglesang kritiserte den store tyske makta i Germaniske SS Norge, osb.

Mot slutten av krigen skjøna Quisling at han laut betre tilhøvet til tyskarane. Han var då inne på tanken å skifte ut minister Fuglesang med redak-

sjonsjef Norvik. Det og blei med tanken.

Bolsjevikredsla

Da invasjonen byrja i Frankrike i juni 1944 kjende det norske folk ein stor lette, les vi, over at det ikkje var Norge. Då Sovjetunionen var reinsa for tyskarar, då Finland kapitulerte, då Aust-Finnmark hausten 1944 blei frigjort, auka bolsjevikredsla endå meir, om vi skal tru boka. Og det bør vi. No heitte det elles at rykta seier at «russarane ikkje har noka interesse av å trenge lenger syd-over etter at dei har fått ei isfri hamn. Det skulle vise seg at dei radikale tyske evakueringsiltaka var forhastaa og u-turvande».

Med den veksande bolsjevikangsten lét no gode nordmenn seg bruke i propagandaen ved å underskrive utsegner mot bolsjevismen. Her også saknar eg vedlegg med forklaring og namnelister. Det same gjeld manglande namnelister over gode nordmenn som skriv under opprop mot likvideringar og sabotasje. Eg veit ikkje om slike lister er med i dei tyske tryggingrapportane som NO byggjer på. Men historia bak historia burde vore med, same kva.

Med den veksande bolsjevikangsten lét no gode nordmenn seg bruke i propagandaen ved å underskrive utsegner mot bolsjevismen. Her også saknar eg vedlegg med forklaring og namnelister. Det same gjeld manglande namnelister over gode nordmenn som skriv under opprop mot likvideringar og sabotasje. Eg veit ikkje om slike lister er med i dei tyske tryggingrapportane som NO byggjer på. Men historia bak historia burde vore med, same kva.

Ironisk dilemma

Denne meiningsskilnaden i det norske folks syn på Sovjet-

unionen som vaks med vissa om sigeren over okkupanten, er okkupasjonsstidas store paradoks. Sjølv sagt er det ei følge av, og heng saman med, at nordmenn heilt sidan 1917 har vore indoktrinerte om «faren frå aust». Det er og forklaringa på kvifor det var så lett å få nordmenn flest til å gjere, heilomvendning straks etter okkupasjonen, ei politisk handling som ikkje har noe å gjere med militærstrategisk logikk. Men det er ei anna historie.

Det ironiske dilemmaet for NS var at dei først då krigen i røynda var avgjort kunne sette inn propagandaen om faren frå aust. I 1941 og 1942, då Tyskland sigra på alle frontar, var det umogleg.

Etter NO visste tyskarane alt som var naudsynt å vite om motstandsrorisla. Dei visste at det ikkje fanst noen slagkraftig geriljåher. Difor trekte dei, heilt rett, konklusjonen at Milorg hadde lite og inkje å føre med mot tyske avdelingar, og at Milorg berre kunne spile ei rolle ved ein invasjon. Vi får ikkje vite noe om spørsmålet, men det er heilt truleg at dei seinast såg bort frå invasjonsalternativet etter juni 1944.

Milorgs «slagkraft»

Det var først frå no av at Milorg vaks og blei den store organisasjonen. Likevel skulle det gå lang tid før organisasjonen hadde tilnærma tilfredsstillende mengder lette handvåpen, og andre forsyningar; og før mange nok hadde fått den mest påkravde instruksjonen. «Først hausten 1944», les vi, «framstod konturane av eit operativt Milorg». Men slagkraft hadde organisasjonen ikkje før våren 1945.

Slagkraft i høve til kva, kan ein forresten spørje? Slagkraft er nemleg eit fælt so relativt omgrep. Ifølgje NO gjorde elles kommunistane, ved Oswaldgruppa til Asbjørn Sunde, det hardaste slaga mot okkupasjonsmakta. Spørsmålet om kvifor dei ikkje er heltar, blir sjølv sagt ikkje tatt opp i NO. Høyrrer ikkje heime der, men relevant til tusan er det likevel.

Viktige emne

NO har opp viktige emne som ikkje er nærare omtalt ovanfor. Nemmast kan spørsmål som korrupsjon og klikkvesen i NS. Det er ikkje å undrast over at det er personar som steller med pengar og føremoner elles som står i fokus. Minister Hagelin t.d., og rikskonomisjef John Trondsen. Trondsens bror, løytnant Thorvald, gjer seg sterkast gjeldande på mange fotografi. Men so var han og, saman med «Quislings skugge», kaptein

Carl Langlie, Norges mest fotograferte person under okkupasjonen i kraft av stillinga som hirdsej. Kaptein og skugge Carl Langlie må elles ikkje forvekslast med dagens Carl Langlie, også offiser, og som var aktuell i samband med valet av sakkunnige i Treholt-saka.)

Eit anna gjenomgangstema er spørsmålet tyskararbeidarar på flyplassar og kystfestningar, i brakker og bunkers, osb. Ein kan jo meine kva ein vil om tyskararbeidarar og entreprenorfirma som leia arbeidet, men arbeidsloysa blei iallfall, og først, avskaffa under okkupasjonen.

Av stikkord på gjengangarar elles nemner eg svartebørs, bondenes syn og haldningar til NS, anti-allierte ytringar etter kvart nytt britisk åttak på norske båtar – og trikkar! Mang ein gong militært idioti og mord, som t.d. drepinga av 75 trikkepassasjerar 31. desember 1944 på Drammensvegen i Oslo.

Georg Wolff, som under heile okkupasjonen forfatta meldingane NO byggjer på, «Meldungen aus Norwegen», undrar seg framleis over kvifor Norge ikkje er interessert i han og arbeidet hans i krigstida. Eg deler hans undring.

Sant bilde

Rapportane eller meldingane NO byggjer på måtte, seier Georg Wolff, gi eit sant bilde av tilhøva i Norge av di dei spela ei direkte rolle for okkupanten. Eg har ikkje funne noe i denne boka som ikkje stemmer med egne inntrykk den gong. Rapportane ser og ut til å ha vore kjemisk blotta for propaganda; laut så vere då dei skulle vere det fundament som tyskarane på topplanet tok avgjerdene sine på når det gjaldt Norge. Sanne, nøkterne, usminka bilde av norsk verkelegheit er nøkkelford om innhaldet. Rapportane til Georg Wolff blei skrivne på grunnlag av rapportar frå heile landet. Diverre er ikkje desse lokal-rapportane oppbevarte; dei kunne elles ha gitt eit interessant bilde av norske lokalsamfunn i okkupasjonsstida.

Den tyske okkupasjonen av Norge hadde ein heilt annan karakter enn okkupasjonen og styret deira i land som Jugoslavia, Hellas, Polen og, aller ekstremast, dei okkuperte delane av Sovjetunionen. I dei nemnde landa hadde brutaliteten og vilkårigdomen i det tyske okkupasjonsstyret karakter av systematisert terror. Slik var det ikkje i Norge. Stort sett heldt tyskarane seg til folkeretten, sjølv i behandlinga av motstandsrorisla. Med omsyn til det siste, veit vi at dei gjekk verre fram i Norge mot kommunistane enn mot andre.

Tore Dyrhaug
«Norge okkupert»
Tysk etterretning om Norge
og nordmenn 1942–1945
Universitetsforlaget 1985